



Austevoll kommune

Delegasjonsreglement for Austevoll kommune - endra/vedteke i kommunestyre 08.11.11,
sak 136/11

Reglement for delegering av mynde for Austevoll kommune

Oppdatert 08.11.2011

Reglement for delegering av mynde

Kommunestyret er etter kommunelova § 6 det øvste organet i Austevoll kommune, og fatter vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna fylgjer av lov eller dette reglement.

Kommunestyret i Austevoll er opptatt av å leia ein effektiv og moderne kommune. Austevoll kommune har prinsippet om stor grad av delegering av ansvar og mynde til administrasjonen under folkevald styring og kontroll.

Vedtak gjort i medhald av reglementet skal byggje på målsetnadar gjort av politiske organ i tillegg til relevante lovar, forskrifter og reglar. Alle vedtak gjort på fullmakt av administrasjonen kan i tillegg påklagast til politisk nivå av partane i sakene.

Austevoll kommune har hatt fleire reglement for delegering av mynde og også fleire enkelt vedtak som inkluderer delegering av mynde. Dette reglementet her samanfattar all delegasjon i Austevoll og erstattar tidlegare vedtak bortsett frå andre reglement dette reglement viser til. Endringar i framtida innanfor delegering av mynde vert gjort gjennom revidering av dette reglementet i kommunestyret.

Reglementet er godkjent av Austevoll kommunestyre 08.11.2011 og erstattar alle tidlegare vedtak om delegering av mynde bortsett frå dei reglement dette reglement viser til.

*Helge Andre Njåstad,
ordfører*

1. GENERELT

Reglementet regulerer delegasjon av mynde frå kommunestyret til formannskap, andre folkevalde organ, ordførar og rådmann. Unntaksvis kan det organ som har fått delegert mynde eller rådmannen be om at det organ som har delegert mynde sjølv fatte endeleg vedtak.

Overføring av mynde er heimla i KommuneLOVEN av 25. september 1992:

- § 6 (generell delegasjonsadgang)
- § 8 nr. 3 (formannskapet)
- § 9 nr. 5 (delegasjon til ordførar)
- § 10 nr. 2 (faste utval)
- § 10 nr. 5 (særskilte komitear)
- § 11 nr. 3 (delegasjon til institusjonsstyre)
- § 12 nr. 3 (delegasjon til kommunedelsutval)
- § 13 nr. 1 (utvida mynde i hastesakar)
- § 23 nr. 4 (rådmannen)
- § 24 nr. 1 (mynde i personalsakar)
- § 25 (administrasjonsutvalet)
- § 27 nr. 1 (delegasjon til interkommunalt styre)

og i dei særlovar som er særskild nemnd nedanfor:

- Straffelova av 22. mai 1902 nr 10
- Valgloven av 28. juni 2002 nr. 57
- Forvaltningsloven av 10. februar 1967
- Samferdselslova av 15. juni 2001 nr. 88
- Fiskeoppdrettslova av 14. juni 1985 nr. 68
- Plan- og bygningslov av 27. juni 2008.
- Barnevernloven av 17. juli 1992 nr. 100
- Kommunchelsetenesteloven av 19.06.1982 nr 66
- Smittevernloven av 8. mai 1994 nr. 55
- Tobakkskadeloven av 9. mars 1973 nr. 14.
- Serveringslova 13. juni 1997 nr. 55
- Sosialtenesteloven av 13.12.1991 nr 81
- Alkohollova av 2. juni 1989 nr. 27
- Opplæringslova av 17. juli 1998 nr 61
- Barnehagelova av 17. juni 2005 nr 64
- Delingslova av 23. juni 1978 nr. 70
- Konesjonslova av 28. november 2003 nr. 98
- Grannelova av 16. juni 1961 nr 15
- Veglova av 21. juni 1963 nr 23
- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10. juni. Nr 82
- Forureiningslova av 13. mars 1981 nr. 6.
- Brann- og eksplosjonsvernloven av 14. juni 2002 nr. 20
- Jordlova av 12. mai 1995 nr 23
- Skogbrukslova av 27. mai 2005 nr. 31
- Odelslova av 19. juni 2009 nr. 98
- Lov om ervervsmessig husdyrhald av 13. juni 1975 nr. 46
- Forpaktingslova av 25. juni 1965 nr. 1.
- Friluftsløva av 28. juni 1957 nr. 16
- Likestillingsloven av 9. juni 1978 nr. 45.
- Lov om havne- og farvann av 17. april nr. 19

Delegering av mynde føreset vedtak i kommunestyret i dette reglement. Mynde som er delegert til faste utval eller rådmannen kan delegerast vidare så langt det er lovleg høve til det eller anna ikkje er bestemt.

Det må først møtebok for forvaltningssaker, også når slike saker vert avgjort i administrasjonen, og det må etablerast ryddige rutinar for tilbakemelding til politiske organ om dei avgjerder som er gjort. Det må skiljast tydeleg overfor partane i sakene om eit vedtak er gjort av administrasjonen etter fullmakt eller av eit politisk organ. Ordførar/utvalsleiarar signerer politiske vedtak i melding om vedtak.

I samband med melding om administrative vedtak fylgjer med informasjon om klageadgang, samt informasjon om muligheten for å klage vedtaket inn for folkevald organ. (vedlegg 1)

2 FOLKEVALD ORGAN

2.1 Generelt

Politiske organ har innanfor sitt ansvarsområde mynde til å fatte avgjerd i alle saker kor ikkje anna følgjer av lov eller kommunen sitt reglement.

2.2 Formannskapet

Følgjande mynde er i lov lagt til formannskapet:

1. Behandle forslag til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak, kommuneloven §8 nr.3.

Følgjande mynde er i tillegg delegert til formannskapet:

1. Mynde til å ta avgjerd i alle saker som det etter lova er høve til å delegere til formannskapet, og som kommunestyret ikkje har vedteke å leggje til eit anna organ, kommuneloven §8. nr. 3. Kommunestyret sjølv skal likevel ta avgjerd i alle planar av overordna karakter, vesentlege endringar i kommunens tenestetilbod og struktur, retningslinjer for folkevalde si rett, plikter og generelle arbeidsvilkår.
2. Mynde som klageinstans etter forvaltningsloven § 28, 2. ledd 1. pkt.(jfr. delegasjon til ordførar pkt. 5)
3. Utvida mynde i hastesakar, kommuneloven § 13. nr 1.
4. Mynde som valstyre, valgloven §4-1
5. Finansforvaltning etter økonomi- og finansreglement.
6. Mynde til å gi høyringsuttaler på vegne av Austevoll kommune.
7. Med heimel i straffelova §79, 5. ledd, får formannskapet mynde til å krevje påtale for straffbare handlingar ovanfor kommunen (jfr. delegasjon til rådmannen pkt. 4).
8. Uttale seg på kommunen sine vegne i alle saker som gjeld kollektiv trafikk, samferdselslova.
9. Uttale seg på vegne av kommunen i alle saker som gjeld fiskeoppdrett, med mindre sakene er av prinsipiell betyding, fiskeoppdrettslova.
10. Mynde til å bruke av næringsfondet.
11. Mynde å vera kommunen sitt næringsutval.
12. Mynde til å tildele tilskott på vegne av kommunen eller andre som gjev tilskott via kommunen.

2.3 Utval for plan og byggesak

Mynde til å ta avgjerd i alle saker som det etter plan og bygningsloven er høve til å delegere vert delegert til utval for plan og byggesak, med unnatak av det som er delegert til rådmannen. Planutvales mynde gjeld mellom anna følgjande:

1. Mynde til å vedta planprogram for reguleringsplanar som er viktig for samfunnet og kan ha vesentlege verknader, plan og bygningslova § 12-9.
2. Mynde til å vedta reguleringsplanar som har liten verknad eller som er ubetydelige for lokalsamfunnet, plan og bygningslova § 12-12. Planar som har eller kan få stor verknad og betyding for lokalsamfunnet skal handsamast av kommunestyret.
3. Mynde til å vedta mindre endringer i reguleringsplan, eller til å tilføya mindre endringar, plan og bygningslova § 12-14.
4. Mynde til å gje mellombels forbod mot tiltak, plan og bygningslova § 13-1

2.4 Utval for oppvekst og kultur og utval for helse og sosial omsorg

Utval for oppvekst og kultur har det overordna ansvar og mynde innanfor rammer fastsett av kommunestyret, lov og forskrift på område oppvekst.

Utval for oppvekst og kultur vil ha ansvar for:

1. Saker av generell og prinsipiell karakter.
2. Planlegging og koordineringsoppgåver.
3. Følgje med at kommunen oppfyller sine plikter etter særlovgivning.
4. Medvirke til å fange opp nye problem/utfordringar og få desse utgreia.
5. Avklare kva for brukarbehov/ grupper som skal prioriterast.
6. Fullmakt å føreta økonomisk omprioritering innanfor eige budsjett. Dette gjeld og investeringsbudsjettet når kommunestyret har vedtatt rammer for investeringane.
7. Fullmakt å gje uttale på høyringar innanfor sitt ansvarsområde om saka ikkje er så prinsipiell at utvalet vel å tilrå overfor kommunestyret.
8. Mynde som klageinstans for saker innanfor undervisning og kultur.
9. Fordele tilskott til lag og foreiningar
10. Mynde å vera kommunen sitt kulturutval inklusiv Liv & Lyst prosjekt.

Utval for helse og sosial omsorg har det overordna ansvar og mynde innanfor rammer fastsett av kommunestyret, lov og forskrift på område helse og sosial.

Utval for helse og sosial omsorg vil ha ansvar for:

1. Saker av generell og prinsipiell karakter.
2. Planlegging og koordineringsoppgåver.
3. Følgje med at kommunen oppfyller sine plikter etter særlovgivning.
4. Medvirke til å fange opp nye problem/utfordringar og få desse utgreia.
5. Avklare kva for brukarbehov/ grupper som skal prioriterast.
6. Fullmakt å føreta økonomisk omprioritering innanfor eige budsjett. Dette gjeld og investeringsbudsjettet når kommunestyret har vedtatt rammer for investeringane.
7. Fullmakt å gje uttale på høyringar innanfor sitt ansvarsområde om saka ikkje er så prinsipiell at utvalet vel å tilrå overfor kommunestyret.

2.5 Administrasjonsutval

Administrasjonsutvalet delegerast følgjande mynde:

1. Ansvar for politikk, målsetjingar, reglement som gjelder forhold mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsett.
2. Administrasjonsutvalet har ansvar for oppgåver etter likestillingslova.
3. Administrasjonsutvalet har innstillingsmynde ved tilsetjing av rådmann.

2.6 Forhandlingsutval

Forhandlingsutvalet delegerast følgjande mynde:

1. Lønsforhandlingar for alle tilsette bortsett frå rådmannen
2. Mynde til å forhandle om andre lokale avtaler.

2.7 Forhandlingsutval for rådmannen

Utvalet delegerast følgjande mynde:

1. Lønsforhandlingar for rådmannen

2.8 Viltnemnda

Viltnemnda skal ha same fullmakter som i valperioden 2003 – 2007.

2.9 Ordførar

Følgjande mynde er delegert til ordførar:

1. Austevoll kommunestyre gjev ordførar fullmakt til å gjera vedtak i einskildsaker som haster og som ikkje er av prinsipiell betydning i den tida formannskap og andre politiske utval har ferie.
2. Fullmakta gjeld ikkje saker som skal førehavast av kommunestyret.
3. Saker som er avgjorde etter fullmakt skal i ettertid leggjast fram som melding i det politiske utvalet saka sorterer under.
4. Ordførar har tilvisningsmynde når rådmannen er ugild, jfr. økonomi og finansreglement.
5. Ordførar er kommunen sin representant i årsmøte/generalforsamlingar der slik representasjon ikkje er spesielt utpekt av kommunestyret/formannskapet. Ordførar kan utpeke avløysar med fullmakt.
6. Ordførar vert gjeve mynde til, på vegne av kommunen, å gje gåver eller anna merksemd til foreiningar/lag/eller enkeltpersonar ved jubile, årsmålsdagar og andre særlege anledningar.
7. Behandle klagesaker på administrative vedtak som haster, jfr. delegasjon til formannskapet punkt 2.
8. Ta avgjerd på om det skal søkjast om heidersteikn til politikarar og tilsette innanfor reglane til KS.
9. Kommunen sin rettslege representant. Underteikna rettsdokument og saksdokument som har vore behandla i politiske fora.

3. ADMINISTRASJON

Der anna ikkje er vedteke, kan rådmannen delegere vidare sin mynde.

3.1 Rådmannen

For å få ei effektiv saksbehandling skal som hovudregel avgjerd som ikkje er av prinsipiell/politisk karakter delegerast til rådmannen. Dersom rådmannen er i tvil om ein sak har prinsipiell/politisk karakter, vert spørsmål om dette lagt fram for ordførar for avgjerd.

Følgjande mynde er delegert til rådmannen:

1. Ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell betyding, **kommuneloven § 23 nr 4**.
2. Rådmannen er delegert mynde innanfor økonomi- og finans, jfr. økonomi- og finansreglement.
3. Tilsetjingar/personalsaker, jfr. særskilte reglement:
 - Tilsetjingsreglement
 - Permisjonsreglement
 - Arbeidsreglement
 - Varslingsrutinar
 - Rammeavtale om fleksibel arbeidstid
 - Seniorpolitikk
 - HTM handbok
 - Reglement for påskjønning av lang kommunal teneste og markering av særlege høve.

4. Mynde til å krevja påtale i alle saker som gjeld innbrot, hærverk på kommunal eigedom, og elles i dei tilfelle der omsyn til ei rask etterforsking krev rask påtale, **straffelova**.
5. Mynde til å selja kommunale bustadtomter der kommunestyret har fastsett pris på tomten.
6. Fordele støtte til politiske partia etter kommunale reglar.
7. Mynde til å treffe vedtak om tildeling av kommunal bustad inklusiv omsorgsbustad.
8. Treffe vedtak i enkeltsakar eller type av saker som ikkje er av prinsipiell betyding, **opplæringslova**.
9. Oppgåver som følgjer av barnehagelova med forskrift, og som ikkje trengs politisk behandling, vert delegert, **barnehagelova**.
10. Mynde til å ta avgjerd om tildeling av ambulerande skjenkeløyve og skjenking ved eit einskild høve.
11. Treffe vedtak i enkeltsaker eller type av saker som ikkje er av prinsipiell betyding, **sosialtenesteloven**.
12. Treffe vedtak i enkeltsaker eller type av saker som ikkje er av prinsipiell betyding, **kommunehelsetenesteloven**.
13. Mynde til å føre tilsyn og sørgja for at reglane i loven blir overhalde og at vedtak i medhald av loven blir gjennomført (§7-1) og mynde til å oppnemne kommunelege og stedfortreder for denne til å utføra særskilde oppgaver etter loven (§7-2), **smittevernlova**.
14. Mynde til å føra tilsyn med reglar gitt i medhald av **tobakkskadeloven**.
15. Mynde til å treffe vedtak etter **serveringslova**.
16. Oppnemne fagleg ansvarleg for barnevern tenesta, **barnevernloven**.
17. Mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller type saker som ikkje er av prinsipiell betyding og som ikkje er delegert til anna organ, **plan og bygningslova**.
18. Møte på kommunen sine vegne i kart- og delingsforretningar og kommunen sitt mynde etter **delingslova**.
19. Gje uttale på vegne av kommunen i saker som ikkje er av prinsipiell betyding, **konsesjonslova**.
20. Opptre på kommunen sine vegne i naboforhold, **grannelova**.
21. Kommunen si mynde som vegstyringsmakt for kommunale vegar i saker som ikkje er av prinsipiell betyding, **veglova**.
22. Kommunen si mynde i kurante saker, **lov om motorferdsel i utmark og vassdrag**.

23. Kommunen si mynde i alle saker av kurant karakter, **forureiningslova**.
24. Kommunen si mynde med tilhørende forskrift, **brann- og eksplosjonsvernlova**.
25. Mynde til å ta avgjersla og gje fråsegn på vegne av kommunen i saker som er delegert til kommunestyret og som ikkje er av prinsipiell betyding, **jordlova**.
26. Mynde til å ta avgjersla og gje fråsegn på vegne av kommunen i saker som er delegert til kommunestyret og som ikkje er av prinsipiell betyding, **skogbrukslova**.
27. Mynde til å ta avgjersla og gje fråsegn på vegne av kommunen i saker som er delegert til kommunestyret og som ikkje er av prinsipiell betyding, **odelslova**.
28. Mynde til å gje fråsegn på vegne av kommunen etter **lov om ervervsmessig husdyrhald**.
29. Mynde til å godkjenne forpaktingsavtalar etter § 5 og eventuelt fastsette forpaktingsavgift etter § 6 dersom partane ikkje komer til ei frivillig ordning, **forpaktingslova**.
30. Mynde til å treffe vedtak i type saker som ikkje er av prinsipiell betyding, **friluftsløva**.
31. Mynde til å ta kommunen sitt ansvar ovanfor Landbruksdepartementet, når det gjeld førehaving og avgjerd delegert til kommunen vedkommande:
 - Produksjonstillegg i jordbruket
 - Avløysarordninga i jordbruket
 - SjukdomsavløyningDet vert vidare delegert å gje fråsegn i saker til Landbrukets Utbyggingsfond og søknader om investeringstilskott.
32. Mynde til å ta avgjerd i einskildsaker der Lov om havner og farvann kjem til anvending og gje uttale på kommunens vegne overfor andre myndigheter jfr §10 **havneløva**. Saker av prinsipiell betyding skal leggjast fram for kommunestyret/planutvalet.

4. OVERSIKT OVER DIVERSE REGLEMENT

Austevoll kommune har utarbeida reglement og rutinebeskrivelser innanfor dei fleste områda som kommunen arbeider med. Dei fleste er innanfor enkeltavdelingar, mens andre rutinar gjelder for heile organisasjonen. Oversikten viser rutinar som gjelder heile organisasjonen. Oversikten er innarbeida i dette dokument for at dei skal vere lettare tilgjengeleg enn det dei har vert til no. Oversikten vil bli supplert etter kvart som nye reglement blir utarbeida.

- Reglement for Austevoll kommunestyre
- Økonomi- og finansreglement
- Tilsetjingsreglement
- Arbeidsreglement
- Permisjonsreglement
- Seniorpolitikk
- Reglement for påskjønning av lang kommunal teneste m.m.
- Rammeavtale om fleksibel arbeidstid
- Helse-miljø-tryggleik – Internkontrollhandbok
- Varslingsrutinar
- Retningslinjer for lokal lønspolitikk
- Krisepplan for Austevoll med delplanar